

**Fra:** Trond Torvund <trtorvun@online.no>  
**Sendt:** 30. september 2014 09:15  
**Til:** Postmottak Meland  
**Kopi:** Nils Marton Aadland  
**Emne:** VS: Høyringsmerknad fiberutbygging

Hei

Ser med stor glede at Meland kommune har motatt midler for utbygging av breidband i kommunen. Engasjementet i området Tveit har vore stort då det er ikkje så mykje som skal til for å få dette opp å gå. Håper no på positive signaler om at det kan bli utbedringer her?

MVH Trond Torvund

> From: Lilly Solberg [lilly@meland.online.no]  
> Sent: 2014-06-03 08:22:31 CEST  
> To: Trond Torvund [trtorvun@online.no], Bj?rg Hestdal [bjorg.hestdal@online.no]  
> Subject: Fw: Høyringsmerknad fiberutbygging  
>  
> Hei  
> Her er eposten til kommunen. Tusen takk for hjelpa så får vi kryssa fingrane  
> Sent: Monday, June 2, 2014  
> Her er eposten til kommunen.  
>  
> From: Lilly Solberg  
> 4 8:24 PM  
> To: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)  
> Subject: Høyringsmerknad fiberutbygging  
>  
> Meland kommune  
> Postb.79  
>  
> 5918 Frekhaug  
>  
>  
>  
> Høyringsmerknad fiberutbygging ? Felles høyringsuttale frå innbyggjarar frå del av Vestbygdvegen / Melandsvegen / Røysetvegen  
>  
> Viser til sak publisert på kommunen si nettside og i lokalaviser om at kommunen skal søkje om midlar til vidare utbygging av fibernett i kommunen, der det går fram at kommunen ønskjer å prioritere Rossland ? Vikebø, Fløksand og Dalemarka.  
>  
> Frå innbyggjarane langs den indre del av Vestbygdvegen frå Valde til Tveit, deler av Røysetvegen og deler av Melandsvegen er det ved fleire høve retta spørsmål til Televerket/BKK om fibernett utan at det har lukkast for private å få tilgang til fibernett.  
>

> Datalinjene vi no er avhengig av er gamle, har svært dårleg kapasitet og er svært utsette for skader/bortfall ved torever. Dette gjer det krevjande etter kvart som stadig meir av tenester i samfunnet vert føresett skal skje via internett, anten det er statlege, kommunale eller private tenester ein har behov for. I tillegg fører dagens datalinjer og til økonomiske utlegg for mange av brukarane som følgje av mykje skader som vert påført av torever.

>

> Kan også nemne at grunna lengde på linjene er det få leverandører å velje mellom, samt lav hastighet.

>

> Barn og ungdom er i dag avhengig av å kunne nytte internett ved skulegang. Det er og stadig fleire som er avhengig av å ha god tilgang via internett i arbeid / næring /utleige anten det er arbeid frå heimekontor knytt til offshoreverksemdar eller landbaserte verksemdar. I tillegg kjem alle private behov og andre behov i samband med foreinings-/ kulturliv både i og utafor eigen kommune.

>

> Vil poengtere at lista inneheld eit namn for kvart hus, bortsett frå to hus. Vi har ikkje funne folk heime alle stader, men alle vi har hatt kontakt med har skrive seg på lista. Vil og vise til ei liste v/Berit Andersen, sendt Nils Marton Aadland ved tidlegare høve, og no. Denne lista er ei supplering til den, mange namn vil vera dei same.

>

> Etter ønske frå mange vi har snakka med, tek vi med at store deler av dette område og har svært dårleg mobildekning.

>

> Vi vil med dette be kommunen om også å prioritere utbygging av fibernett langs Vestbygdvegen / Røysetvegen / Melandsvegen sjølv om det er meir spreidd busetnad enn i byggefelt.

>

>

>

> Med helsing

>

> Sjå vedlagte liste ?.

>

>

>

> Vedlegg 1: Liste med underskrifter

>

> Vedlegg 2: E-post frå Trond Torvund som er viktig for vår sak .